

- Også uskedelingane bør stemma på Wenche!

06.12.2008

Måndag kveld blir det offentleg kven som vann 71 grader Nord og også uskedelingane bør røysta på Wenche Gottskalksdotter Enes (40) i konkurransen om publikumsfavoritprisen på 100.000 kroner. Det gjev fleire uskedelingar uttrykk for og med dette bringer vi oppmodinga vidare.

Som også Anders Totland i innsida.no skriv, går det no nesten ikkje ein dag utan at ein i Kvinnherad høyrer oppmodingar om å røysta på førskulelæraren som er busett i Rosendal. Dermed meiner Totland at bygdedyret, som vart grave ned i Uskedalen før det siste valet, er daudt!

Av rundt rekna 100.000 røyster som var avgjevne torsdag hadde 33 prosent gått til Wenche, som dermed låg på delt første plass saman med Per Kristen Gisleberg. Men sundag hadde Wenche 34 prosent av røystene, ein meir enn Gisleberg.

- Eg har fått mykje flott og positiv merksemrd. Eg unnar alle ei slik oppleving midt i november, seier Wenche til Grenda. Ho har vorte ein etterspurd person. Ho har blitt hyrt til å dela ut premiar på fotballfestar og har delteke på opning av diverse sportsbutikkar. Og særleg barn og unge frå sju til tretten år, vinkar og ropar til henne.

Wenche sit med ei kjensle av at ho er framstilt på skjermen som den ho er og ho seier at det har vore ei glede for henne å sjå serien. På turen gjekk ho ned to kilo. Turen var fantastisk heile vegen og Wenche har teke naturopplevingane til seg undervegs. Og at ho var i god fysisk form gjorde at ho kunne nytta turen.

Også dialekten til Wenche, som ho har nytta kompromisslaust, blir trukke fram som eit pluss for henne. Ho slår eit slag for dialekten sin og trur det har gjort det lett for TV Norge å bruka det ho har sagt fordi det har skilt seg ut.

Av Ola Matti Mathisen